

SAKSHANDSAMAR
Hans Olav Stegarud

VÅR REF.
07/01800-2

Ark. A - Kirker
420 (Svolvær) Vågan _ No

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON
+47 98202714
DYKKAR DATO
11.7.2007
VÅR DATO
24.8.2007

TELEFAX
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no



Sør-Hålogaland biskop
Tolder Holmers vei 11
8003 BODØ

Mott. 11.9.07
J.nr.
Ark.

GJENPAR

SVOLVÆR KYRKJE - MINNEKORSET OVER CHRISTOFFER OLESSOEN - SAK TIL VURDERING

Vi viser til Dykkar brev dagsett 11.7.2007 gjeldande ynskje om vurdering ikring plasseringa av minnekorset over "den fyrste Svolværing" Christoffer Olessoen i Svolvær kyrkje.

følgje rundskriv T-3/2000 frå Kyrkje-, utdannings og forskingsdepartementet og Miljødepartementet skal endringar og restaureringar av alle listeførte kyrkjer og deira omgjevnader leggjast fram for Riksantikvaren for vurdering. Biskopen tek den endelege avgjerda.

Svolvær kyrkje er ei langkyrkje i betong frå 1934. (ref. *Våre kirker, Norsk kirkeleksikon – Vanebo forlag 1993*)

Kyrkja er listeført som særskild verneverdig, og er teikna av ark. Harald Sund og August Nilsen.

Svolvær historielag arbeider med å tilbakeføre minnekorset over den fyrste kjente svolværing Christoffer Olessoen frå Tromsø museum til Svolvær. I samband med denne tilbakeføringa ynskjer ein å plassere minnekorset i Svolvær kyrkje. Ein ynskjer å plassere minnekorset under vindauget bak høgre benkerad, ei plassering som er gunstig i samband med vern mot direkte sollys, samt lagleg tilkomst for allmenn betraktning.